

HEMMELIG

Dumbarton 3. juni 1942

Fra
Kaptein O. Haugsøen

Til
Admiralstabsjefen
Sjøforsvarets Overkommando,
London

M/K FRØYA's forlis i Nordsjøen.

Den 1. juni meldte følgende mannskaper seg tilbake etter forliset: Skytter nr 448, Alfred Langøen, skytter nr 625, Kristoffer Furevik (kystskipper), skytter nr 598 Ole Bertin Bergsvik.

Etterr å ha avlagt muntlig beretning om det som hadde funnet sted, har nr 448 i samarbeid med dei to andre innlevert følgende rapport hvis form er av ein slik karakter, at jeg har funnet ikke å ville endre hverken ordlyd eller ortografi. Den er i sin enkelhet et talende vitnesbyrd om mennene selv.

Efter vår tur me vart bombett.

Me gjekk ut frå Lervik den 30.04.1942 på M/K Frøya. Me gjekk i to døger me hadde kurs for Tromsø.

Den 2. mai kl 7 um kvelden kom der ut tysk sjøfly. Det gjekk først langs vår side så svinget det når det kom framfør oss å gjekk attum vårt skip. Det kom litt attanfor tvers, en sirka 10 til 15 meter upp for vår mesanmaster. Me skaut, å traff flyet plenti. Flyet slapp ei bomba å traff skipet litt atta i maskinruffen, bombo

slo ut tre planker atter på babord, å da bombå eksploderte slo den laus stelken i skipet so det var helt lekk. Me byrja strakst til å lensa på skipet men det såg håplaust ut.

Flyet fortsatte i nordaustlig kurs, men (2) da det var gått fra oss ein 200 meter slapp det ei bomba.

Motoren i flyets høyre ving var stoppa da det slapp den fyrste bombo. Me såg det retta opp kanono framme på flyet å skulde skyta men det vart ingen ting av, so antagelig traff me han som styrde kanono. Det siste me såg til flyet var det heldt slagside til venstre å det slapp bombelasti for att letta sei. Men det gjekk ned med det såg det ut for oss, å det trur eg å alle som var umbord att det kom ikke mer til Norge.

Me sette da båten på vatnet slik at me skulde ha den klar til å gå i. Me arbeide alle mann med att holde skipet lens. Vinden var nord-nordøst. Me fekk opp seili å byrja att seila på syd-sydvest. Maskino stoppa strakst for der var så mye vatn att ho vassa å dermed so stoppa den.

Mans noen lensa so byrja noen att ta oljefat opp frå rummet å ha på bakken att me skulde få skibet forover lasta. Me tok opp nesten alle fati men det jalp lite, for vatnet auka like godt. So fann Sjipparen ut att me skulde ta fira fat å laga til ein flåte. I kahytto arbeide telegrafisten det han van og tengte att han skulde få forbindelse med land i gjennom utsendaren me hadde rigga opp. Men han fikk ikke svar frå land å han kom opp å sa att det var ikke tale um forbindelse, å no var apparatet vorte vått også so no var det slutt.

Me tok da til med flåten alle mann, for att me skulle få den ferdig til skibet sank. Me sagde av ein bom å la oppå fati å surra den til med heilt nytt tau. So tok me dei bori som hadde vært i rommet til bingbord å la på langs oppå flåten, å spikra dei fast på bommen. Vi surra alt sammen med tau til slutt. So sat dei opp vatn

og kjeks å to sekker med blankisa å to soveposa å surra det fast på flåten. Da alt var ferdigt varskudde sjipparen vem som skulle stå att på (3) flåten å vem som skulde gå i båten.

Me var fem mand som gjekk i båten å fira var att på skipet dei skulde gå på flåten da skipet sank. Skipet sank kl kvart på tolv. Det gjekk fint med flåten for skibet sank så sagte. Dei fira som sat på flåten var med godt mot. Det siste sjipparen sa til oss var att me måtte gjøra kva me kunde å få tak i hjelp.

Me satte kursen S te vest hal vest.

Det gjekk fint for me hadde rett unda vinden heila natti. So kom dagen å det gjekk fint da også. Da hadde me satt upp seil so me seilte fint rett unda veret for det var kursen me skulde. Da kl var ein to efter middag vart det heilt stilt. Me sat da fira mand å rodde so det gjekk bra da også. Da kl var ein halv syv kom det eit tysk sjøfly vestover det gjekk tett over vanflaten. Det var so nere att me måtte legga oss ned i båten alle mand. Flyet gjekk so langt vest att det kom i den kursen me gjekk med skibet da svinga det på N nordaust å fortsatte den kurs å det var den same kursen som me hadde gått. Da vi ikke så flyet mer byrja me at ro vår kurs. Me rodde da til mandags morgonen same kursen.

Mandag i tolv tidi byrja det att blåsa litt vestlig vind. Men da det leid ut på dagen vart den friskare etter kvart. Um kvelden var det frisk vestan vind. Me låg da å andøvde heile natti til om morgonen det var lyst. Da var det ikke tale om lenger. Me rådslo da alle mand kva me da skulde gjera. Me vart enig alle mand att det var bare ein ting me kunde gjera å det var att setta rett unda å sjå um me nådde norske kysten å komme oss til lands der, å få ta oss ein båt å gå tilbakers til Sjetland.

Me satte oss til å ro alle fire i toft rett unda vinden. Det gjekk strykande rett på aust kan du tru. Me hadde lagt til i akterskuten

slik att ein mand kunde sova. Slik at me sjeftast å det gjekk fint. Me hadde fin vind heilt til kl tolv men då vart det (4) makligt berre stor sjø etter stormen.

Me rodde like vel på øst men da kl var to fekk me frisk vind av ost-nordost so da var det ikke tale um til å ro lenger på vinden. So fann me ut att me fekk ro på sydvest å sjå um me kunde koma oss til Sjetland. Me rodde å seilte da til kl var halv tolv um natti, men da måtte me ligga på veret å andøva. Me låg då å anøvde heile natti, men da var det kuling av austanvind. Den natti var den tyngste natti me hadde med storm. Me fekk båten vår over halv i vatn utav eit brått, men det var bare att ausa ut vatnet vera med godt mot. Um morgonen let me det gå unda men med akterskuten føre. Me måtte ta da roligt for det var bare brått heila havet. No var vinden gått seg nordaustlig so me let det gå på sydvest. Me andøvde slik heila onsdagen. Um kvelden fann me på att me skulde laga oss til eit drivanker. Me tok da ei tofta å batt ein kjeksbocks fast på den å slepte det ein ti tolv favna frammum båten slikat sjøane braut seg ut på drivankeret. Men det var for lett. Me hadde da ein pøs i båten som me slepte ned over same lino, men då låg båten fint på veret efter det profisoriske ankeret vort.

Slik låg me heile natti. Me sat to mand med årane attåt å paste på kvar sjø. Torsdagen låg me på same måten til det leid ut på dagen da vert det bra for soli kom utor ein og anden gong. Da kl var ein eit såg me røyk av ein stimbåt men den komb ikke den veien me låg. Da kl var fem um kvelden såg me land.

Det var Mugga flå men då vart det liv i gutane. Me drog inn ankeret vort å sette rett unda for land hadde me i S te vest halv vest. Me rodde da fira mann rett unda. Vinden var bra da å det såg ut for att bli bra ver også.

Mens me rodde såg me to skib som kom same veien som me rodde. Me heiste eit stykke av ein seilduk upp på ein år i skuten. Det første skibet styrte rett på oss.

(5)

Det såg me var ein destrøyar å det andre skibet var ein tankbåt. Destroyaren kom fram til båten vår å spurte um det var fiske mend. Man han fekk strakst svar att det var norske marinegastar. Me fekk da ordre um att koma til sio med båten vår. Dei hadde ut ein heil tauleidar slik att me skulde ha til å gå i men komb ikke langt i leideren før me hadde ein mengde med hend i oss, so dei letta oss i lufti inn på dekk. Dei gjekk to mann ned i båten vår og tok upp alt som var i den. Å atpå tok dei båten på dekk.

Me vart alle fem sendt ned i salongen atterut. Det var berre navigatøren som var uppe på brui hos sjepparen å forklarte at me hadde fira mand sittande på ein flåte. Han hadde lengdi og breddi upskrevet på plassen som me forlot flåten og dar som skibet sank. Skipparen sette øyeblikkelig telegrafisten inn i saken å att han måtte telegrafera til flyplassen å si dei sette straks i gong å fly til å henta folket. Me som var kommen umbord hedde det fint. Me var fira mann som var so bra att me kunde gå. So me var i badet å vaste oss, so fekk me reine under klær å utapåklær so da var vi holle reidt.

Den femte var so forfrossen att han var ikke klar til å setta ben under seg, han tok folket å fiksa å stelte med. So var dei å henta doktor til å se på hans føtter. Dei tok han da upp i sykelogaren å stelte med han. Me fira andre vart sette til bords å få oss mat å etter fekk me plass so me skulde gå til køys. Me hadde det godt på alle måtar.

Kl tre var me i Lervik, men me skulde vera umbord til dei kom frå land å henta oss. Um morgonen vert me stelte me frugost å gode

greier. Kl ti kom det folk frå land å henta oss. Me var da i saman alle fem.

To mann var dei då som vart kjørd på sykehus. Me andre tre fekk anden bil å vart kjørde (6) i kampen. Alle tre var nokelunde bra i føtna so me slapp å gå på sykehus. Me hadde det fint i kampen, me hadde besøk første dagen utav Kleppe å Roald og nokre andre.

Det var altså den 8. mai me kom til Lervik. Den 9. mai kom kaptein Kleppe ned i kampen til oss att. Han byrja da att snakka um forskjelligt. Me vilde ha rede på um dei hadde sendt ut hjelp til dei som var på flåten. Han forklarar da att det var gåen tre båta ut frå Galtasund um morgenen. Da dei tre båtane kom ein femten kvartmil nord for Mukka-flo traff dei tyskfly dei snudde da på sør att men da ikke flyet skaut på dei eller slepte bombe var der to båtar som snudde på nord att, men den tridje gjekk til lands att. Kleppe spurde oss um me hadde løst på ein tur. Me svarde ja alle tre att me skulde vera med hvis det var til å gå på leiting etter flåten. Han svarte ja att det var det han vilde vera med å gå men fekk ikke noen med seg. So skulde me koma på kontoret til kaptein Mickel å få oss uniform. Me var klar til avgang um ein time.

Det var ei volsom grei frua som tok i mot oss den dagen me kom upp i kampen. Ho kom med kler å sko og alt som me trengte. Å dagen etter var ho også å besøkte oss. Ho var hos dei som låg på hospitalet også. Da vi fikk ordre att me skulde få vera med, sagde me adjø til Fruen, å sa att ho fekk helsa til dei som var syke men ikke før dagen etter me var gått.

Laurdagen den niende mai starta me kl elleve um kvelden. Me var då fem mand. Den båten me hadde heite «OLAF» å gjore god

fart. For det var seksti hestar maskin i båten, å båten var to å femti fot.

Søndags morgonen såg me eit tysk fly men det for på aust. Det gjekk fint heile tidi. Mandagen byrja me med leiting. Me leitte da til kl var elleve um kvelden men da vart det so mørkt att me såg ikkje meir. Ma la oss da roligt til om morgonen. Um morgonen byrja me leiting (7) att kl sex. Vinden var heila tidi N Nordaust men heilt spak um dagen. Me heilt fram med leitingi fram etter dagen men uten noke resultat. Men me fortsette likevel med leiting heilt til kl var halv syv.

Da kom det eit tysk fly det var Dorn 24. Det gjekk først forbid oss, men so svinga det og kom rett på oss. Det var sirka ein 6-800 hundre meter frå oss da det opna ild på oss. Det skaut med 20 millimeters kanon tre stykker og tre maskingever. Da det snudde rundt å kom på oss att slapp det ei bomba men skaut på oss heile tidi. Første gangen det var over oss vart han som stod i styrehuset (Langøen) såra av granatsplint. Andre gongen vart han såra han som stod framfor styrehuset (Nr 100, Johansen). Men han reis sei upp igjen å byrja slyta att men da det kom att tridje gongen fekk han ei kule til i sig so da var han utav spillet. Han låg da ut til rekka bak livbåten. Ein var forut, Bergsvik, han fekk ein granat splint i skallen, men lett såret. Det var i bruk alt våpen som var um bord.

Flyet var fem ganger over oss, det slapp fira bombe men me kom oss klar dei. Men skibet var fått mye skade. Det var sundskut over alt, over vatnet, men i botn var det heilt so det var ikke leki.

Angrepets varighet varte ein sirka 20 minutter. Da sette flyet kursen på ost-sydost.

Me sette da kursen V til S att me skulde koma oss or fly kursen.

Me gjekk den kursen til kl elleve um kvelden. Da sette me kursen S til V halv vest. I to tidi efter middag såg me land.

Me gjekk inn til Baltasund å var dar i otta tidi.

Sjeparen gjekk i land å fikk fat på doktor for han som var vorten skut i maven han var mye syk.

Doktoren spurte sjepparen umbord i vaktbåten om han vilde gå til Lervik med to sykepasienta. Løytnant Kleppe gjekk også burt til sjepparen å snakke (8) med han. Jau han var strakst enig, å sa att dei skulde gå. Vi var da to som vart sende med båten til Lervik um natti.

Me kom til hospitalet den 14 mai. Der var lega som byrja arbeide med sykepasientene med en gang. Da kl var ni tok dei han som var skutt i maven (Nr100) ut i uprasjonsrummet å fixa han. Han var fått to maskingeverkuler i maven so han var mye ødelagt. Dei kom innat med han um ein halvanden time etter. Den same fruen som tok i mot oss da vi kom i båten, var nu komet til hospitalet. Ho var der hos han heila tidi.

Den 16 mai døde han da kl var kvart over to um ettermiddag.

Den 19 mai var dei samla utfor hospitalet alle norske gassar som var i Lervik å ein heil del med engelske gassar å ein tropp med engelske soldatar som gjekk framføre med sekkepipe som dei blåste i. Det var sex norske gassar som var inn å henta liket å bar det på bilen. Det var to utav den dødes kamerater som var med liket heilt til dei var fått det i jordi. Ein engelsk prest heilt ein tale over liket.

Å der viler vår gode kamerat i fred å ro.

Slutt.